



Byggmester Knut Henanger  
Orrhøyflaten 3  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4336 - 15/1119

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
20.01.2015

## GODKJENNING- OMDISPONERING AV DELAR AV REIDSKAPSHUS TIL BUSTADHUS MED TILBYGG- GBNR 49/13 PÅ IO

**Administrativt vedtak. Saknr: 21/2015**

**Tiltakshavar:** Lis Larsen  
**Ansvarleg søkjar:** Knut Henanger  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

Det vert vist til søknad journalført 17.11.2014 og 09.12.2014 om løyve til omdisponering av andre etasje av reidskapshus til bustadføremål og oppføring av eit tilbygg på 61,2 på gbnr 49/13 på Io i Meland kommune.

Samla bruksareal (BYA/BRA) på buenheten vil vera på 185,2/108 m<sup>2</sup>, medrekna omsøkt tilbygg (BYA/BRA) på 61,2/24,8 m<sup>2</sup>.

### Planstatus og sakshistorikk:

Eigedommen ligg i LNF- område (landbruk, natur og friluftsliv) i kommuneplanen på Io. Det er gjeve dispensasjon for planformålet i UDU-vedtak 042/13.

### Nabovarsel:

Tiltaket vart nabovarsla i perioden 20.10-03/11.2014. Administrasjonen finn at nabovarslinga er tilstrekkeleg og i samsvar med Pbl § 21-3.

### Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagt situasjonsplan stempla godkjent 20.01.2015.

Parkering og uteopphaldsareal:

I kommuneplanen er det krav til parkeringsdekning for 2 bilar pr. eining. På tomt for frittliggande bustad skal det vere minimum 250 m2 uteopphaldsareal- og leikeareal. Tiltaket er i samsvar med kommuneplanen.

Tilkopling til kommunalt vass- og avlaupsanlegg:

Tiltakshavar har søkt om fritak for tilknytningsavgift for bueiningen, då det blir benytta ein gammal vannslange som gjekk til tidlegare driftsbygning på gården.

Meland kommune viser til § 5 i Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune: «.. *Eingongsgebyr skal betalast av ein abonnent når abonnenten vert tilknytta kommunal vass- og/eller avlaupsleidning enten direkte eller gjennom privat leidningsnett. Ved ombygging/endring av noverande bygg slik at det vert fleire abonnentar i bygget, skal kvar ny abonnent betale tilknytningsgebyr..*». Det vert ikkje gjeve fritak på eingongsgebyret, og søknad om tilknytning må sendast Meland kommune før det blir søkt om ferdigattest eller midlertidig bruksløyve.

Godkjenning for utlepp til minirensanlegg vart gjeve i DNT-vedtak 359/2014.

Ansvarsrettar:

<u>Føretak</u>	<u>Godkjenningsområde:</u>
Byggmester Knut Henanger Organisasjonsnummer: 985477647 Sentral godkjenning	SØK/PRO/UTF tkl 1 Ansvarsområde: Ansvarleg søkjar, prosjekterande for konstruksjonssikkerhet, overordna ansvar for utførande
Fløysand VA AS Organisasjonsnummer: 987774525 Sentral godkjenning	PRO/UTF tkl 1 Ansvarsområde: Sanitæranlegg med tilhørande leidningsnett
Byggm. Øyvind Litangen Organisasjonsnummer: 911913038 Sentral godkjenning	Kontroll tkl 1 Ansvarsområde: Kontroll våtrom og lufttetthet

Avkjørsle til offentlig veg er godkjent av vegstyresmakta i vedtak frå Statens vegvesen datert 29.08.2014.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev med heimel i Plan- og bygningslova § 20-1 løyve på vilkår til omdisponering av reidskapshus til bustadføremaal og oppføring av tilbygg på 24,8 m2 BRA på gbnr 49/13, jf søknad journalført 17.11.2014 og 09.12.2014.

Tilkopling til offentlig vassanlegg:

● Det blir sett som vilkår for godkjenninga at det blir søkt om tilknytning til kommunalt vassanlegg. Bruksløyve vert ikkje gjeve før tilknytning til kommunalt vassanlegg er godkjent.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av Plan- og bygningslova, så framt ikkje anna er bestemt ovanfor.

Vedtaket er gjort med heimel i Plan- og bygningslova og Vass- og avlaupsanleggslova.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*